

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 14.05.2024

Til stades: Ole Gisle Vassel, Angunn Handegard Trå, Thorleif Gjernes, Jon-Harald Huus, Ingrid Stranden Haavik, Inga Abraham og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Guri Bugge, Veslemøy Mjelde

Referent: Kaia

Sak 2024/27: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Godkjent

Sak 2024/28: Godkjenning av referat frå styremøte 09.04.2024. Godkjent

Sak 2024/29: Eigedomar:

- Periodisk sikkerheitskontroll av heisen på kulturhuset vart gjennomført av Norsk Heiskontroll i veke 16, utan merknader.
- Den raude delen av kulturhuset skal malast, stillas er sett opp og vasking av vestfasade vart utført på dugnadsdagen. Skraping og utskifting av nokre kledningsbord vart gjort i veke 19. 1. og 2. strøk vart ferdig veke 20. Skraping og maling av vindauge på denne fasaden står att. Invitasjon til å delta på malingsarbeidet vert kunngjort på FB. Kan me oppmoda brukarlagane av kulturhuset til å stille med litt dugnadshjelp til malingsjobben over 17.mai/pinse?

Sak 2024/30: Tilstellingar:

- 17. mai arrangement ved eigen komité. I år vil Jondal Frivilligsentral betale for alle leiker og premier for barn, kasserar i HB organiserer tiltaket. *Tusen takk!*
- Herand Rundt ved idrettslaget, 2. pinsedag (20. mai).
- Jonsokfeiring på kulturhuset ved laga i bygda. Laga i bygda har ansvaret for gjennomføringa, det er bygdelaget som koordinerer i år. Laga får skriv om oppgåver.
- Bygdedugnad 27. april: mange av planlagde oppgåver vart gjennomført. Fint ver og god innsats, tusen takk til alle som var med!

Sak 2024/31: Økonomi:

- Det er ikkje kome svar på søknader om økonomisk støtte til ulike tiltak som er sendt i løpet av våren.
- Søknad om straumstøtte for 1. kvartal er sendt.
- Det er sendt ut purring på bygdeblad til dei som ikkje er betalt for 2024.

Sak 2024/32: Kulturhistorisk senter:

- Sesongen 2024; ope tysdag til søndag 12-16 i perioden 25.06 - 18.08. Det kom 5 søknader om sommarjobb, 3 av desse fekk jobb. Leirskulebesøk er ikkje settla for i år så langt. 2. kl ved Jondal skule kjem 5. juni. Me oppmodar alle om å besøke Kulturhistorisk Senter, og sende besøkande og turistar i bygda dit!
- Det er laga ein ny informasjonsfolder for besøkande i bygda. Her presenterast attraksjonar og tilbod på eit dronebilete. Dette er og laga som A3 plakat. Denne vert hengt opp rundt i bygda og kan kjøpast på Herand Handel. Det er og laga tre infoskilt til kulturstien.

Sak 2024/33: Andre saker/eventuelt:

- Eventuell ny status vedkomande elbilladar, ved Guri. Utsett til neste møte.
- Styret laga liste over ansvarlege for stell og vatning av utplasserte blomar i bygda gjennom sommaren.
- Det vert generalforsamling i Herand Omsorgsbustader A/S måndag 3. juni. Alle i styret til HB som har høve møter.

Neste styremøte tysdag 11.06.24 kl. 19.00 på Herand kulturhus.